

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 58/2004

Møtedato: 8.12.04

Arkiv nr: S 696

S 696, Sørre Trøllhøvd – søknad om tilbygg på sel.

Eva Irene Sveen søker om å få bygge på selet 27 m² slik at samla areal blir 63 m². I tillegg er det registrert eit fjøs på 36m² på stølen.

Etter opplysning frå søkjaren er stølen ikkje i bruk, men har vore i bruk i løpet av dei siste 20 år. Selet blir leigd bort på åremål og leigetakarane ynskjer eit større opphaldsrom.

Søknaden skal etter dette behandlast etter § 14 i stølsforskriftene der det heiter:

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarende. Før Statskog tek avgjerd skal fjellstyret ha saka til fråsegn. Skal seterbrukaren ta opp at seterdrifta, kan seterhusa byggjast om eller utvidast etter reglane i § 13 i denne forskrifta.

Ved søknad om bygging på støl skal fjellstyret vurdere behovet for hus, kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår.

Statskog sluttbehandlar saka etter uttale frå fjellstyret. Statskog sitt vedtaket kan påklagast til Statens landbruksforvaltning. Fjellstyret sitt vedtak er tilråding og kan ikkje påklagast.

Vedtak:

Med bakgrunn i bruken av stølen finn fjellstyret at det omsøkte påbygget er større enn det som kan godkjennast. Fjellstyret kan derfor ikkje tilrå søknaden om tilbygg.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.12.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Eva Irene Sveen, 2960 Røn